



VILJESERKLÆRING

På Hallingtinget 30. november 2007 var kommunane samde om fyljande viljeserklæring for det interkommunale samarbeidet i Hallingdal:

1. Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål og Hol kommunar vil utvikla og utvida det interkommunale samarbeidet i Hallingdalsregionen for å utvikla kommunane og sikra innbyggjarane i regionen eit så godt og effektivt tenestetilbod som mogeleg.
2. Samarbeidet skal ha utgangspunkt i "Strategisk plan for Hallingdal" og skal utviklast i og blant alle etatar og sektorar i kommunane.
3. Ved omorganiseringar, effektiviseringstiltak og nytiltak skal interkommunalt samarbeid og samarbeidsløysingar vurderast.
4. Samarbeidstiltak som er vedtekne gjennomført, skal formaliserast.
Med dette meiner ein at:
 - det skal fattast formelle politiske og/eller administrative vedtak eller avtalar
 - administrativ og politisk styring av samarbeidsordninga skal avklarast
 - ansvar for iverksetjing og drift skal avklarast
 - økonomiske spørsmål og fordelingar skal avklarast (jfr. hovudregel for slik fordeling i vedtektene til Regionrådet)
 - arbeidsfordeling og bruk av personell skal avklarast
 - spørsmål om lokalisering av tiltaket skal avklarast

I tillegg skal eventuelle andre tilhøve som er viktige for samarbeidet avklarast.
Formaliseringa av samarbeidet skal vera skriftleg.

5. Samarbeidet i Hallingdal skal integrerast og gjerast synleg i kommunal planlegging.
6. Regionrådet for Hallingdal skal vera orientert om interkommunalt samarbeid, der alle kommunane deltek.
Regionrådet skal ha melding om både fast etablerte tiltak og prosjekt.
7. Regionrådet skal kvart år leggja fram for Hallingtinget ei oversikt og evaluering av

interkommunale samarbeidstiltak, som Regionrådet har ansvaret for.

Johannes Kallne
Eivind Heimic
Mona Sandrud Wick
Tommy Kjel
Eirik Klaupe
Hol kommune

Olaug G. Grande
Kåre Olav Steffen
Tommy Steffen
Karl Eirik
Helleli
Gol kommune

John Faggen
Eivind Jansen
N. M. Pedersen
Gerd Eri Berge
Nes kommune

Arnold Vabli
Lvar Breink
Ingrid Else Nordstrand
Ål kommune
Toralf Dalsvik
Terhild H. Burgaplass

Tore Egger
Olav
Hemsedal kommune
Olav Skogh
Helene Sagabråken

Torstein
Olav Johnny Skov
Flå kommune
Berit Grøstlandsbrak
Stimur Skumarteng